



Foto: VAREANO

I NORDSJØEN/SKAGERRAK
OG VEST AV SKOTTLAND

Sei – *Pollachius virens* – Saithe
Familie: Gadidae (torskefamilien)
Andre namn: Mort, seimort, pale, kod, seikod
Maks storleik: 115 cm og 20 kg
Levetid: 20 år
Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak/vest av Skottland
Gyteområde: Eggakanten frå vest av Shetland til Vikingbanken og nær Egersundbanken
Gytedispunkt: Januar–mai
Føde: Ungfisk et mest krill, mens eldre et mest fisk

Nøkkeltal:

KVOTERÅD FOR 2017: 116 605 tonn (med utkast)
 TOTALKVOTE (med utkast) / NORSK KVOTE 2017:
 (Nordsjøen og Skagerrak): 100 287/ 52 399 tonn
 (vest av Skottland): 10 404 / 510 tonn
 TOTALFANGST / NORSK FANGST 2016: 83 310 / 36 296 tonn
 NORSK FANGSTVERDI 2015: 387 mill. kr (Nordsjøen),
 4,2 mill. kr (Skagerrak), 3,7 mill. kr (vest av Skottland)



Status og råd

På grunn av uklare bestandsgrenser vert sei vest av Skottland og i Nordsjøen/Skagerrak slått saman når ein skal rekna ut bestandsstorleik, fiskedøying og kvote. ICES konstaterer at gytebiomassen har auka sidan 2012 og har fluktuert rundt 150 000 tonn sidan 1997. Rekrutteringa i seinare år har vore låg. Fiskedøyinga har gått under føre-var-nivået og ligg no nærare nivået for høgt langtidsutbytte.

Ut ifrå eit gjennomsnitt for 1993–1998 vert 90,6 % av fangsten i prognosane fordelt til området Nordsjøen/Skagerrak når kvoten vert delt og 9,4 % vest av Skottland. Totalkvoten av sei i Nordsjøen/Skagerrak vert delt mellom EU (48 %) og Noreg (52 %) og fastsett gjennom årlege forhandlingar. Partane er einige om ein forvaltingsregel som seier at om lag 1/4 av den bestanden som det kan fiskast på (3 år og eldre fisk), kan fiskast så lenge gytebestanden er over føre-var-nivået. Tilrådd kvote i 2017 er i samsvar med MSY-tilnærming og er 100 287 tonn i Nordsjøen/Skagerrak og 10 404 tonn i området vest for Skottland og Rockall. Kvoten inkluderer ei TAC-justering på 4,1 % som tek omsyn til EU si landingsplikt. Kvoterådet er ei 96 % auke i TAC, men basert på råd frå ICES blei kvoten avgrensa til 55 % auke.

Fiskeri

Seien vert hovudsakleg fiska med trål (87 %) både av EU og Noreg. Tysk, fransk og norsk trålarflåte tok 56 % av seifangsten i 2016. Sidan 2009 har EU-flåten sitt seifiske vore innsatsregulert gjennom EU sin forvaltingsplan for torsk (1342/2008).

**Bestand og fangst av sei i Nordsjøen/Skagerrak og vest av Skottland.****Stock size and catches of saithe in the North Sea/Skagerrak and west of Scotland.****Fakta om seibestandane:**

Sei finst berre i Nord-Atlanteren. I den vestlege delen er det ei lita stamme på grensa mellom Canada og USA. Seien i det nordaustlege Atlanterhavet blir delt i seks bestandar med hovudområde vest av Irland, vest av Skottland, ved Færøyane, ved Island, i Nordsjøen og på norskekysten nord for 62°N.

Merkeforsøk viser at det er vandringer mellom bestandane. Frå norskekysten kan det vere omfattande utvandring av ungsei frå dei nordlege områda og av eldre fisk frå meir nordlege område til Island og Færøyane. Det er få eksempel på innvandring av sei til norskekysten.

Sei har ein kraftig og muskuløs kropp, og er ein god symjar. Han er lett å kjenne på det svake underbitet og den rette sidelinja. Sei førekjem både pelagisk og som botnfisk, på 0–300 meters djup. Sei opptrer ofte i tette konsentrasjonar og står pelagisk der straumen konsentrerer byttedyra.

Hovudføda for den yngste seien er raudåte, krill og andre pelagiske krepssdyr, medan eldre sei i aukande omfang også beiter på sild, brisling, kolmule, augepål og hyseyngel. Seien er ein utprega vandrefisk som dreg på nærings- og gytevandringer. Stor sei følgjer norsk vårgytande sild langt ut i Norskehavet, av og til heilt til Island og Færøyane.

Dei viktigaste gytefeltene er frå vest av Shetland til Tampen og Vikingbanken. Egg og larver blir førte med straumen, og yngelen etablerer seg i strandsona langs kysten og vandrar ut i Nordsjøen og til kystbankane lenger nord som 2–5-åring.